

FORSKRIFT OM FARVASSAVGIFT FOR SANDE KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL

Fastsett i Sande kommunestyre xx.xx.xxxx. med heimel i lov av 21. juni 2019 nr 70 om havner og farvann (havne- og farvannsloven) § 25 og forskrift 11. desember 2019 nr 1838 om kommunenes beregning og innkreving av farvassavgift.

§ 1. Innleiing

1.1 Heimel

Forskrift om farvassavgift er fastsett i medhald av lov av 21. juni 2019 nr 70 om havner og farvatn (havne- og farvasssloven) §§ 36 og 53 med tilhøyrande forskrifter.

1.2 Formål

Farvassavgifta skal dekke kommunens kostnader ved utøving av offentleg mynde med heimel i lov av 21. juni 2019 nr. 70 om havner og farvann (havne- og farvannsloven) med tilhøyrande forskrifter, samt kostnader for å legge til rette for sikkerheit og framkome i Sande kommune sitt sjøområde.

1.3 Avgiftsområdet og avgiftsdekning

Farvasssavgifta gjeld heile sjøområdet innanfor Sande kommune sine grenser med unntak for hoved- og bi-led, fastlagt i forskrift 11.desember 2019 nr 1834 om farleder (farledsforskriften). (*For kart: sjå Kystinfo*).

Dette i medhald av § 3 bokstav f og § 7 i lov om havner og farvann.

Farvassavgifta gjeld fartøy og er fartøyet si betaling for bruk av farvatn; sjøareal og innretningar og tiltak vil kunne medverke til å lette fartøyet sin ferdsel i kommunen sitt sjøområde.

1.4 Iverksetting

Forskrift for farvassavgift for Sande kommune trer i kraft så snart den er vedteke eller når kommunestyret bestemmer.

§ 2. Farvasssavgift

2.1 Utrekningsgrunnlag

Farvassavgifta blir utrekna på grunnlag av fartøyets bruttotonnasje (BT) i henhold til Den internasjonale konvensjon 23. juni 1969 nr 1 om måling av fartøy. For fartøy som ikkje er målt eller har gyldig målebrev, blir BT fastsett av Sande kommune etter skjønn.

Farvassavgift skal betalast ein gong pr. anløp. Ved gjentekne anløp innanfor eit og same døgn, blir avgifta rekna kun ein gong pr. døgn.

Alle oppgjevne satsar er eksklusiv meirverdiavgift.

2.2 Forretningsvilkår og prisliste for farvasssavgift

Regulativ for farvasssavgift blir fastsatt av kommunestyret kvart år i samband med budsjettprosessen.

Administrasjonen fastset ei minsteavgift for alle typer fartøy som skal betale farvasssavgift.

For ikkje målepliktige fartøy fastset administrasjonen minstestørrelse for oppkreving av farvassavgift.

Rabattar:

Ferger og hurtigbåtar i rutetrafikk får 10 % rabatt.

Fiskefartøy med største lengde over 15 meter betalar farvassavgift ifølgje regulativet, men likevel ikkje for meir enn 6 anløp i kalendermånaden (Ålesund Havneregion).

2.3 *Fritak for farvassavgift*

Følgjande fartøy er frittatt for farvassavgift:

- Fartøy som passerer sjøområdet utan å anløpe hamn eller innretningar for drift av akvakulturanlegg
- Fartøy som anløper hamn på grunn av skade eller nødtilstand og fartøyet ikkje lastar eller lossar
- Bergings- og isbrytingsfartøy under utføring av beringing eller isbryting
- Fartøy tilhøyrande Redningsselskapet
- Orlogsfartøy, så vel norske som utanlandske
- Kystverket sine fartøy i samband med arbeid i farvatnet
- Ikkje målepliktige fartøy med største lengde under 15 meter.

§ 3. Opplysningsplikt, ansvarstilhøve m.m

3.1 *Opplysningsplikt*

Hamnebrukarar og private kaieigarar pliktar å gi Sande kommune dei opplysningane som er nødvendige for å rekne ut og krevje inn farvassavgifta.

3.2 *Ansvarsforhold og straffeansvar*

Eigar, reiar og agent er solidarisk ansvarleg for betaling av farvassavgifta.

Skuldig farvassavgift er tvangsgrunnlag for utlegg. Ved for sein betaling av farvassavgift skal det betalast forsinkelsesrenter etter lov 17. desember 1976 nr 100 om renter ved forsinka betaling m.m. (forsinkelsesrentelova).

Krav som Sande kommune har mot reiar har panterett i skipet etter reglane om sjøpanterett i lov 24. juni 1994 nr 39 om sjøfarten (sjølova).